

Bestandsplan for Elg, Hjort og Rådyr

Skjåk Almenning og Skjåk Utmarksråd

2021-2023



Alle foto: Kristen Dagsgard

Innhald

1.	Lovgrunnlag	2
2.	Område og organisering	2
3	Elg	2
3.1	Vurderingsgrunnlag	2
3.2	Målsetjingar	6
3.3	Avskytingsmodell og verkemiddel	6
3.4.	Avskytingsmodell	7
4	Hjort	8
4.1	Vurderingsgrunnlag	8
4.2	Målsetjingar	11
4.3	Avskytingsmodell og verkemiddel	11
5	Rådyr	12
5.1	Vurderingsgrunnlag	12
6	Jakttider	12
7	Diverse planføresegner	13
7.1	Kontrakt med jaktlaga	13
7.2	Oppsyn	13
Vedlegg 1	14
Vedlegg 2	15

1. Lovgrunnlag

Det rettslege grunnlaget for bestandsplan er nedfelt i forskrift om forvaltning av hjortevilt § 19. Skjåk Almenning og Skjåk Utmarksråd har valt å samarbeide i forvaltninga av elg, hjort, og rådyr, og har difor utarbeidd ein felles bestandsplan for dei to valda. Dei to valda blir no eitt bestandsplanområde, jf. same forskrift §§ 2 og 14. Eit bestandsplanområde er der to eller fleire vald er i eit forpliktande samarbeid, og har felles målsetjingar og bestandsplan for dei hjorteviltartane det skal jaktast på i området.

2. Område og organisering

Planområdet omfattar 2 vald, Skjåk Almenning og Skjåk Utmarksråd. Skjåk Utmarksråd ligg lengst aust i kommunen, og grensar i aust mot Lom kommune på bae sider av dalføret. Mot vest grensar valdet mot Skjåk Almenning, som har resten av det teljande arealet i kommunen. Mens Skjåk Utmarksråd er samansett av mange ulike grunneigarar organisert i 6 grunneigarlag, er Skjåk Almenning ein og same grunneigar. Valda med tilhøyrande jaktfelt er vist i kart. For jakt på elg og hjort er valda delt opp i ulike jaktfelt, vist i tabellen nedanfor. For rådyr, sjå eiga kapittel. Det teljande arealet er utrekna ved at ein stort sett har brukt skoggrensa i bygda som yttergrense, med tillegg av noko areal i vierregion i Lendfjellet og på Kummemyrane. Litt dyrka mark i Reppen er også teke med.


Vald	Jaktfelt	Teljande areal (daa)
Skjåk Almenning	1. Billingsdalen	22 000
	2. Grotli	26 000
	3. Honnsrøve	32 000
	4. Nordmannskrokan	26 000
	5. Uppnåse	28 500
	6. Sota	28 000
	7. Snøskriu	28 500
	8. Tundradalen	26 000
		217 000 daa
Skjåk Utmarksråd	1. Aura-Storgrove	15 150
	2. Aura-Brua	8 280 + 400 (innmark)
	3. Brua-Lom grense	3 050
	4. Baksida	12 320
	5. Lundadalen bakside	8 930
	6. Skjøle-Åbue	19 700
		67 430 + 400 daa
Totalt		284 830 daa

I arealet til Skjåk Almenning tilhøyrer ein liten del Bråtå grunneigarlag. Oppgjer for jakta blir gjort i medhald av inngått avtale.


3 Elg

3.1 Vurderingsgrunnlag


I vurderingsgrunnlaget er det brukt tidsseriar for fellingsstatistikk, sett-elg, aldersanalyse og 7-dags teljing. I tillegg er det brukt vårteljing på innmark, der det særleg er lagt vekt på teljinga frå mai 2020 då det var ein ekstra sein og snørik vår, og ein reknar med at ein stor del av bestanden var å sjå nede i dalføret og på innmark.




Uttaket av elg i planområdet har sidan 1985 auka jamt. I 2011 og 2012 var det ein topp i uttaket, og sidan 2013 har uttaket gått jamt oppover frå 67 elg til rekordhøge uttak på 130 elg i 2019 og 133 elg i 2020. I likskap med uttaket av elg har sett elg pr. jegerdagsverk gradvis auka, med ein topp i 2019. Denne indeksen vil sjølvsagt variere år for år, men trenden kan indikere om bestanden går opp eller ned. 7. dags teljing og sett elg indikerer at bestandsstorleiken har flata ut, og kanskje er på tur nedover – mot målet.



Gjennomsnittet for sett kalv per ku i bestandsplanperioden 2015 -2017 var 0,61. I den første bestandsplanperioden 2018-2020 var denne redusert til 0,54. Snittet frå 10 år tilbake er Same trenden viser også gjennomsnittsverdien av sett kalv per kalvku med nedgang frå 1,14 til 1,07 i same tidsrom. Denne parameteren nådde eit historisk lågmål i 2020 med 1,04. Sett ku/okse seier noko om kjønnsfordelinga i bestanden, og om «tilgjenge» på oksar. Denne har vore relativt stabilt over tid, med eit snitt dei siste 10 åra på 1,24, men gjorde eit sprang i 2020, opp til 1,38. Av andre interessante bestandsparameter som har endra seg, er det særleg sett ku med tvillingkalvar som har gått nedover, frå eit snitt på 3 % dei siste 20 åra , til eit snitt på 1 % i første bestandsplanperiode.



Vektutviklinga hjå kalv og ungdyr varierer frå år til år, men har halde seg nokolunde stabil sidan midten av 90-talet og fram til 2018. Ein hard vinter i 2017/2018 kombinert med ein ekstrem tørkesommar i 2018 i tillegg til for stor bestand, har mest sannsynleg gjort sitt til at vekter på både kalv, men særleg ungdyr har gått nokså dramatisk ned dei siste tre åra. Ein kan håpe at premiering av uttak av små kalv/ungdyr og auka bevisstgjerjing blant jegerane har bidrege til at ein har teke ut fleire av dei minste dyra, men det forklarar neppe heile den nedgåande trenden. Ein ser litt av same trenden i materialet for vaksne dyr også, det blir stadig lengre mellom dei verkeleg tunge dyra.




Den prosentvise fordelinga på uttaket av kategori dyr har lege relativt stabilt, der det høgaste uttaket har vore på kalv (ca. 30-40%) gjennom heile perioden, i tråd med tidlegare bestandsplanar. Alder på felte vaksne dyr (3+) har vore stabil så langt data går attende i tid (1996), og låg i snitt på 5,4 år for ku og 6,3 år for okse i førre bestandsplanperiode.

Vårteljing

Vårteljing på innmark er ein metode som gje eit nytt verktøy for forvaltninga i form av eit konkret minimum dyretal på våren før kalving. Dette er det næraste vi kjem ein utgangsbestand, der ein saman med parameter frå sett og skutt, kan simulere bestandsutvikling gjennom ulike uttak. Kor stor del av stamma ein kan rekne med at er på innmark om våren er mykje avhengig av tilgjenge på anna beite i skog og fjell, som igjen avheng av temperatur og snømengde den enkelte vår. Våren 2020 var snørik og iskald, og ein reknar derfor med at ein stor andel av bestanden beitte på innmark den våren. 13. mai 2020 vart det gjort 327 observasjonar av elg i Skjåk, som gje ei minimum vinterstamme på elg på 327 dyr. Ein er heilt sikker på at ikkje alle dyr vart sett, men vårt beste anslag er ei vinterstamme på 375-400 elg våren 2020.

Med bakgrunn i dette er det gjort estimering av bestandsutviklinga på vinterbestand og kalveproduksjon per år ved ei avskyting på 100 elg per år i planperioden, med ein estimert utgangsbestand på 375 og 400 elg. Føresetnadar for modellen er nærare skildra i vedlegg 1.



3.2 Målsetjingar

Det er viktig at både rettshavarane og kommunal viltforvaltning kjem fram til kva mål ein skal ha i elgforvaltninga, samt kva tiltak som må setjast i verk for å nå måla. Overordna mål er å ha ei produktiv og frisk elgstamme med god kjønns- og aldersfordeling. Bestanden må tilpassast beiteressursane i området, og innanfor desse rammene skal bestanden kunne haustast med eit størst mogleg uttak av kg elgkjøt per år. Samstundes vil ein legge vekt på uttak av dyr nær jordbruksområde, og meir effektiv og målretta uttak av «innmarkselg» som gjer skade gjennom sommaren. I tillegg ynskjer ein å ha fokus på å behalde dei viktigaste produksjonsdyra for framtida, og vil prøve ut verkemiddel som gjer at fleire gode produksjonsdyr blir spart, samt vidareføre premiering av uttak for små dyr.

Konkrete mål for planperioden er:

- Å redusere elgstamma slik at årleg uttak framover stabiliserer tilveksten med eit uttak på 55-75 elg pr. år.
- Ku/ukse-tilhøvet skal noko opp, der målet er å stabilisere dette på 1,4-1,8 ku per ukse.
- Kalvingsrate bør opp. Parametrane bør være: Kalv/kalvku >1,2 og kalv/ku > 0,6.
- Leggje ein stor del av jaktuttaket på kalv/ungdyr, samt små vaksne dyr.
- Prioritere meir effektivt og målretta uttak av «innmarkselg».
- Stimulere til uttak av småfalne dyr med bla. redusert pris, nedklassifisering og eiga skrapdyrkvote / tiltakskvote.
- Innføre verkemiddel for å behalde dei beste produksjonsdyra.
- Stamma må vera tilpassa beiteressursane i området, og at ein innafor desse rammene skal kunne hauste eit størst mogleg uttak av kg elgkjøt per år.
- Følgje med på beitetrykket av skog.
- Fokus på korrekt utfylling av sett-elg, samt vidareføre 7-dags teljing. Alle jaktlag skal fylle inn sett og skutt-data elektronisk på settogskutt.no.
- Ynskjer store og produktive dyr og elguksar med gode geviranlegg.
- Ha minst ei, helst fleire vårteljingar per år for å få minimumstal på bestanden, særleg i år der det ligg til rette for gode teljingar.

3.3 Avskytingsmodell og verkemiddel

3.3.1. Verkemiddel

l) Kategori dyr

Kalv:	Årskalv
Ungdyr ukse:	Ukse (1,5 år). I kategorien ungdyr ukse inngår også eldre uksar der den eine sida <u>kun har 1 ugreina stang</u> . Den andre sida kan vera forgreina, med maksimum 3 taggar. Tagg er gjeldande ved 2 cm lengde, jf. offentleg målereglement. Vaksne oksar under 140 kg.
Ungdyr ku:	Ungdyr kvige (1,5 år, samt vakse ku under 140 kg)
Ku	Vakse ku (2,5 år og eldre)
Ukse:	Vakse ukse (2,5 år og eldre)
Småukse:	Ukse med maksimum 3 taggar på eine sida. Dersom eine geviret er mista eller tydeleg knekt (hovudstang / skovl) gjeld antal taggar på andre sida.

II) Verkemiddel

- Bruk av vektgrenser for retta avskyting skal stimulere til uttak småfalne dyr (SA).
- Bruk av vektgrenser for å rette avskytinga frå dei aller største produksjonsdyra (SA)
- Igjen skilje mellom Vakse ku (2,5 år +) og ungdyr kvige (1,5 år), men innføre vektgrense der alle vaksne kyr/oksar under 140 kg går som ungdyr.
- Fortsette å frede ku med tvillingkalvar.
- Eige kategori for småuksar. Målet er å få ut unge uksar med små gevir, returuksar og uksar med usymmetrisk gevir med genetisk årsak. Ein vil på det sterkaste oppmode jegerane til å spare unge uksar med gode geviranlegg.

III) Skrapdyrkvote

Bestandsplanområde disponerer ei felles skrapdyrkvote på inntil 10 dyr pr. år. Dyr som kjem i denne kategorien vil ikkje belaste kvota til jaktlaget. Det er rettshavar som har disposisjonsretten til skrapdyr, men jaktlag kan få kjøpt slike dyr til ein rimeleg pris. Pris blir fastsett i kontrakt mellom jaktlag og rettshavar.

- Vektgrensane for skrapdyr er:

Årskalv: 45 kg

Ungdyr elg (1,5 år): 90 kg

IV) Tiltakskvote

Bestandsplanområde disponerer ei felles tiltakskvote på inntil 10 dyr per år. Dyr som kjem i denne kategorien vil ikkje belaste kvota til jaktlaget. Under tiltakskvote kjem dyr som i utgangspunktet ville blitt fallvilt, men som i jakttida kan takast ut av jaktlaga. Til dømes skadde dyr eller sær aggressive og nærgåande dyr. Felling av slike dyr skal avklarast som ved fallvilt. Det er rettshavar som har disposisjonsretten til skrapdyr, men jaktlag kan få kjøpe slike dyr til fallviltpreis.

3.4. Avskytingsmodell

- 15 % ku (2,5 år og eldre)
- 5 % fri ukse (2,5 år og eldre)
- 15 % småukse
- 15 % ungdyr ku
- 15 % ungdyr ukse
- 35 % kalv
- Årskalv kan fellast for alle kategoriar dyr
- Tvillingku med avkom er freda gjennom heile jakta.

I bestandsplanen blir det derfor lagt opp til eit uttak av 100 elg per år gjennom heile bestandsplanperioda. Det er vist til berekningar med føresetnadar i vedlegg 1.

År	Skjåk Almenning	Skjåk Utmarksråd
2021	75	25
2022	75	25
2023	75	25
Sum	225	75


I tillegg kjem felles kvote på inntil 30 dyr på skrapdyr/tiltakskvote kvart år. Totalt antall dyr blir derfor 390 elg i løpet av bestandsplanperioden.

4 Hjort

4.1 Vurderingsgrunnlag



I vurderingsgrunnlaget er det brukt tidsseriar for fellingsstatistikk, sett-hjort, aldersanalyse og teljing på innmark om seinhausten og våren.

Det er ikkje så lange dataseriar for hjorten i Skjåk, og dei data vi har gjeld frå 2004 og fram til i dag. Det manglar nokre registreringar for jaktåra 2008, 2009 og 2010, delvis pga. dårleg utfyllinga av sett-hjort skjema. Det har vore ei jamn auke i sett hjort pr. jegerdagsverk frå 2011-2017. Her er det verd å merke seg at frå 2012 skulle alle sette hjortar rapporterast, også dei som gjekk på dyrka mark. Kurva for sett hjort per jegerdagsverk har flata ut, medan talet på felt hjort har dobla seg frå 2017 til 2020, då det vart teke ut rekordmykje hjort i Skjåk.




(Merk: Frå 2012 vart all sett hjort registrert i sett-hjortskjemaet, altså også hjort på innmark. Før den tid berre hjort som vart sett under jakt.)

Bestandssamansetning og slaktevektar for hjorten held seg på eit stabilt godt nivå. Ein var litt spent på korleis innføring av kategorien «kalv/ungdyr/8 taggar» ville ha for uttaket av bukk, men det ser ikkje ut til at dette har slege negativt ut, mest sannsynleg for at bestanden er i vekst og uttak av dei minste bukkane ikkje har så mykje å sei. For å gjere det litt enklare for jegerane å ta ut mest mogleg dyr, ynskjer ein å fortsette med denne kategorien i tildelinga, og heller stramme inn på andelen fri bukk. Grunnen til det, er at ein har ein teori om at fleire store bukkar i eit område held att ein del hind og «smådyr» dersom dei største bukkane får etablere attraktive brunstområde. Vi har eit inntrykk av at i område der det er skote ut fleire store bukkar over fleire år, blir desse områda raskare tømte for hjort nå i dei tidene brunsten startar, samanlikna med tidlegare når store bukkar fekk etablere brunstområde. Med dette håpar vi å fordele hjorten meir spreidd i kommunen over eit lengre tidsrom i jakta, og redusere dei største flokkane lengst aust. Vinterbestanden av hjort i Skjåk er for høg. Det er ei utfordring at mange av dyra mest sannsynleg trekker til jordbruksområde i Skjåk sist i jakta/etter jakta, og at mange dyr står i vanskeleg tilgjengeleg terreng i hovuddelen av jakta.



(Resultatet av aldersbestemming på hjort for 2020 er ikkje klart, difor er vektene på hjort 3+ ikkje med i figuren for 2020).



Teljingar


Teljingar er utført av den same gruppa kvart år. Det er ikkje lagt vekt på samansetning / type dyr i teljingane, hovudpoenget er å få ei minimumsanslag på antal dyr totalt som ein kan ta utgangspunkt i. Der ein har fleire teljingar på ein sesong, tek ein utgangspunkt i den teljinga med mest dyr.

Mars 2020; totalt 417 hjort innanfor Skjåk

Mars 2021; totalt 455 hjort innanfor Skjåk

April 2021; totalt 711 hjort innanfor Skjåk

Med bakgrunn i dette er det gjort estimering av bestandsutviklinga på vinterbestand og kalveproduksjon per år ved ei reell avskyting på 250 hjort per år i planperioden, med ein estimert utgangsbestand på 711 og 850 hjort. Føresetnadar for modellen er nærare skildra i vedlegg 2. Med ein utgangsbestand på 700 hjort, vil det vere vanskeleg å nå målet om ei årleg avskyting på 90-120 hjort, men det er mogleg at auka avskyting av vaksen hind vil kompensere noko for dette. Ein viktig nykel i bestandsforvaltninga, er innvandring av hjort, samt sesongtrekk i løpet av året - som vi trur skjer i eit ganske stort omfang, men generelt har lite konkret kunnskap om.



4.2 Målsetjingar

- Å redusere hjortestamma slik at årleg uttak framover stabiliserer tilveksten med eit uttak på 90-120 hjort pr. år.
- Stamma må vera tilpassa beiteressursane i området, og at ein innafor desse rammene skal hauste eit størst mogleg uttak av kg hjortekjøtt per år.
- Auka fokus på korrekt utfylling av sett-hjort. Alle skal nytte settogskutt.no.
- Legge til rette for å spare nokre fleire av dei største bukkane
- Legge hovudvekta i avskytinga på kalv/ungdyr.
- For å redusere bestanden, auke andelen vakse hind monaleg i avskytingsmodellen.
- Teljing av hjort på innmark 1. gong i året, helst under fullmåne i november, samt vårteljingar på innmark – helst fleire for å få ei minimumsteljing av bestanden.
- Stabilisere sett hind/bukk på mellom 1,0-1,5.

4.3 Avskytingsmodell og verkemiddel

Verkemiddel

i) Kategori dyr:

Kalv/ungdyr:	Årskalv og spissbukk 1,5 år eller unghind (1,5 år).
Kalv/ungdyr/8 taggar:	Årskalv og spissbukk (1,5 år) eller unghind (1,5 år). Bukk med maksimum 8 taggar i geviret. Tagg er gjeldande ved 2 cm lengde, jf. offentleg målereglement.
Hind:	Vakse hind (2,5 år og eldre).
Bukk:	Vakse bukk (2,5 år og eldre)

Kategori kalv/ungdyr/8 taggar skal i utgangspunktet tildelast på ordinær kvote.

ii) Skrapdyrkvote

Kvart vald disponerer ei skrapdyrkvote på inntil 10 dyr pr. år. Dyr som kjem i denne kategorien vil ikkje belaste kvota til jaktlaget. Det er rettshavar som har disposisjonsretten til skrapdyr, men jaktlag kan få kjøpt slike dyr til ein rimeleg pris. Pris blir fastsett i kontrakt mellom jaktlag og rettshavar.

- Vektgrensene for skrapdyr er:

Årskalv: 20 kg

Ungdyr hjort (1,5 år): 30 kg

Avskytingsmodell

- 35 % hind, 2,5 år og eldre.

- 10 % fri bukk

- 55 % årskalv, ungdyr (1,5 år) og bukk med maksimum 8 taggar i geviret.

- *MERK: Det er berre årskalv/ungdyr som kan fellast for alle kategoriar dyr*


År	Skjåk Almenning	Skjåk Utmarksråd
2021	100	260
2022	100	260
2023	100	260
Sum	300	780

Inkludert 10 skrapdyr/ tiltaksdyr i kvart vald, kvart år.

5 Rådyr

5.1 Vurderingsgrunnlag

Rådyrkvotene og fellingsprosenten har variert mykje i perioden frå 1986 og fram til i dag. Nedgangen i rådyrbestanden (som ein kan sjå i figuren) var lik i heile Oppland, noko som kan tyde på at det er andre faktorar som regulerer bestanden enn jaktuttak. Ein veit at rådyrbestanden kan sjå ut til å variere i samsvar med innslag av gaupe i området. Sjølv sagt vil vinteren også verke inn på bestanden. Vinteren 2017/2018 har vore snørrik og jamt kjøleg, med stabilt tilhald av gaupe innanfor kommunen. Likevel veit vi ikkje korleis dette har slått ut i rådyrbestanden og foreslår same avskyting som føregåande 3-årsperiode. Dersom bestanden er redusert vil det i fyrste omgang gjera seg utslag i redusert fellingsprosent, mogleg og redusert interesse for rådyrjakt dersom bestanden blir mindre og jakta vanskelegare. Fellingsprosenten på rådyr ligg på gjennomsnittleg 40 % dei siste 15 åra.



Avskytingsplan/kvot

År	Skjåk Almenning	Skjåk Utmarksråd
2021	50	60
2022	50	60
2023	50	60
Sum	150	180

Ein oppmodar jegerane til å skyte bukk og kje i staden for vaksen geit.

6 Jakttider

Valda står sjølve fritt til å setje jakttidene innanfor jaktidsrama som er gjeve nedanfor:

Elg: 25.09 - 23.12

Hjort: 01.09 - 23.12

Rådyr: Bukkejakt 10.08-23.12. Ordinær rådyrjakt 25.09-23.12.

7 Diverse planføresegner

7.1 Kontrakt med jaktlaga

Det skal opprettast skriftleg kontrakt mellom rettshavar og kvart einskild jaktlag. I kontrakta må fylgjande opplysningar framgå:

- Kvote og pris på grunnkvote og prisar på eventuelle tilleggsdyr/skrapdyr.
- Tilleggsavgift og straffeføresegner ved feilskyting og/eller brot på kontrakt.
- Rapporteringsplikt ved feilskyting/skadeskyting.
- Frist for innlevering av sett-elg og sett-hjort etter jakta, samt innlevering av kjeve.

7.2 Oppsyn

Kvart vald organiserer sitt eige oppsyn. Jaktlaga skal ha nummer og namn tilgjengeleg på kven som fungerer som oppsyn. I tillegg skal jaktlaga ha oversikt over kven som kan kontaktast i det kommunale vilt- og fiskeutvalet for varsling og/eller oppfølging/avslutning av ettersøk.

Vedlegg 1

Bestandsestimering av elgbestanden med ulike utgangsbestandar basert på totalteljingar om våren.

Antatt bestand 2019/2020 375-400 dyr. Basert på telling 13.05.2020 med 327 observasjonar

Ugangsbestand 2020	375	400
Ukseandel	0,465	0,465
Kuandel	0,535	0,535
Antal ukse	174	186
Antal ku	201	214
Fødde kalvar 2020	106	113
Bestand før jakt	481	513
Jaktuttak	133	133
Irregulær avgang	32	32
Bestand etter jakt	316	348

2020/2021	316	348
Antal ukse	147	162
Antal ku	169	186
Fødde kalvar 2021	93	103
Bestand før jakt	409	451

Jaktuttak 2021	100	100
Irregulær avgang	20	20
Bestand etter jakt	289	331

2021/2022	289	331
Antal ukse	135	154
Antal ku	155	177
Fødde kalvar 2022	85	97
Bestand før jakt	375	428
Jaktuttak 2022	100	100
Irregulær avgang	20	20
Bestand etter jakt	255	308



2022/2023	255	308
Antal ukse	118	143
Antal ku	136	165
Fødde kalvar 2023	75	91
Bestand før jakt	329	399
Jaktuttak 2023	100	100
Irregulær avgang	20	20
Bestand etter jakt	209	279

2023/2024	209	279
Antal ukse	97	130
Antal ku	112	149
Fødde kalvar 2024	62	82
Bestand før jakt	271	361
Jaktuttak balanse2024	47	67
Irregulær avgang	15	15
Bestand etter jakt	209	279

Sett elg 2018-2020		Sett elg 2020	
Ukse	0,35	Kalv per ku	0,53
Ku u/kalv	0,22		
Ku 1 kalv	0,19	Ku u/kalv	0,22
Ku 2 kalv	0,01	ku 1 kalv	0,19
kalv	0,23	ku 2 kalv	0,01
		kalv	0,23
kalv per ku	0,55	ukse	0,35
Ukseandel	0,465		
Kuandel	0,535		

100 dyr uttak 2021-2023		
Kalve produksjon	utgangspkt 375 elg	utgangspkt 400 elg
2021	93	103
2022	85	97
2023	75	91
2024	62	82

100 dyr uttak 2021-2023		
Vinter bestand	utgangspkt 375 elg	utgangspkt 400 elg
2019/2020	375	400
2020/2021	316	348
2021/2022	289	331
2022/2023	255	308
2023/2024	209	279



Vedlegg 2

Bestandsestimering av hjortbestanden med ulike utgangsbestandar basert på totalteljinger om våren.

Minimumstelling 24.04.21 711 dyr							
Bestand etter jakt 2020	450	711	850				
2020/2021	450	711	850	Sett hjort 2018-2020		Sett hjort 2020	
Antal bukk	223	352	421	Spissbukk	0,07	Kalv per hind	0,58
Antal hind	227	359	429	Bukk	0,31		
Fødde kalvar 2021	132	208	249	Hind	0,39	Spissbukk	0,08
Bestand før jakt	582	919	1099	Kalv	0,23	Bukk	0,3
Jaktuttak 2021	250	250	250			Hind	0,39
Irregulær avgang	25	25	25	kalv per hind	0,58	Kalv	0,23
Bestand etter jakt	307	644	824				
2021/2022	307	644	824	Bukkandel	0,495		
Antal bukk	152	319	408	Hindandel	0,505		
Antal hind	155	325	416				
Fødde kalvar 2022	90	189	241	250 dyr uttak 2021-2023			
Bestand før jakt	397	833	1065	Kalveproduksjon			
Jaktuttak 2022	250	250	250		711	850	
Irregulær avgang	25	25	25	2021	208	249	
Bestand etter jakt	122	558	790	2022	189	241	
2022/2023	122	558	790	2023	163	231	
Antal bukk	60	276	391	2024	131	219	
Antal hind	61	282	399				
Fødde kalvar 2023	36	163	231				
Bestand før jakt	157	721	1022				
Jaktuttak 2023	250	250	250				
Irregulær avgang	25	25	25	250 dyr uttak 2021-2023			
Bestand etter jakt	-118	446	747	Vinterbestand			
2023/2024	-118	446	747		711	850	
Antal bukk	-58	221	370	2021	711	850	
Antal hind	-59	225	377	2022	644	824	
Fødde kalvar 2024	-34	131	219	2023	558	790	
Bestand før jakt	-152	577	966	2024	446	747	
Jaktuttak balanse2024	-54	111	199				
Irregulær avgang	20	20	20				
Bestand etter jakt	-118	446	747				

